

# Referat frå styremøte i Valldal idrettslag

**Tid:** Torsdag 30. mars 2017

**Stad:** Klubbhuset

Desse møtte: Anders Rem, Trond Håvoll, Einar Hoel, Ida Kristoffersen Rem, Liv Marit Indreeide, Richard Moen, Monica Henden, Børge Heggen Johansen, Liv Marit Indreeide, Kenneth Hovden

## **Sak 10/17** Informasjon frå gruppene

**Trimgruppa:** Digitalisering av trimpostane utsatt til neste år. Mykje arbeid for å få det opp og gå. Dame/herretrimmen torsdagane litt lite menn, 6-7 damer på det jamne.

**Friidrett:** Årsmøte 28.februar. Magne Eivind leiar, vil ta ein del ansvar i samband med olsok, derfor Børge som nestleder stiller på styremøta i VIL. Same opplegg som tidlegare. Grei inngangsport til idrettslaget, ingen organisert trening enno.

**Fotballgruppa:** Søkt om 3-4 cupar. Programblad, samarbeid med skigruppa. Prøve å få tak i hovudsponsorar. Mykje aktivitet framover. Kick-off i påska.

**Disksport:** God oppslutning på innetreningane i vinter. Begynt ute no. Startar med vekas runde neste veke, kvar fredag i 26.veker. Turneringar framover, vårslepp i mai. Ein del dugnadsarbeid framover etter jordskred i vinter.

**Skigruppa:** Sesongen på hell. VM 13. april, blir i år på Høghjellane. Ein stor gjeng reiste til Ål i Hallingdal på skiskyting i dag. Handling inn til skikafe litt ute av kontroll. Blir handla inn i hytt og pine. Einar tek ein prat med den som har ansvar for kiosk/innkjøp.

**Styret:** Planlagde møter 4. mai og 15. juni. Ressursgruppa har meldt seg til teneste igjen. Mylding.

## **11/17** Konstituering av styret

Kasserar – Trond Håvoll

Skrivar – Liv Marit Indreeide

Husansvarleg – Monica Henden

Nestleiar - Anders Rem

Leiar – Einar Hoel

## **12/17 Oppfølging av årsmøtet**

-utarbeide omtale av dei ulike funksjonane i styre/gruppestyre. Einar skriv stikkord/forslag til neste styremøte

-utarbeide årshjul.

-ein del arbeid på klubbhuset står for tur (skifte golv i salen, skifte taklys, gjere noko med akustikken). Anders dannar ein komitè/arb.gruppe som skal sjå på kva som må gjerast/kostnadsoverslag. Ikkje starte på dette arbeidet før etter sommaren pga mykje aktivitet sommarhalvåret. Få opp gjerde på garasjen (kan vere ei oppgåve for ressursgruppa). Fornye nettsida (målet må vere at det er lett å finne fram/finne info)- Einar snakkar med Audun i Språksmia.

-revisormelding. Fotballgruppa må ordne opp... Kontant

## **13/17 Søknad midlar Bygdemobilisering**

Torkjell, Reidar, Einar og Terese har utarbeidd søknad: Prosjekt Valldal i hundre

Prosjektperiode 1.5.17 – 31.12.19

Hovudmål: Bidra til å stabilisere eller auke folketalet i Valldal

Søknadsum: kr 300.000 over 3 år

Søknad vart gjennomgått.

Møtet slutt kl. 22.00

Liv Marit Indreeide

-referent